

---

**Fra:** Nina Refseth [mailto:Nina.Refseth@nfi.no]

**Sendt:** 15. november 2012 15:21

**Til:** Postmottak KUD

**Emne:** 12/00836-1 - Høring - av rapport fra Kulturdepartementets eksterne FoU-utvalg

NFI vil innleiingsvis seie seg glade for initiativ som peiker mot ei styrking av forskingsinnsatsen på kultur- og mediefeltet. Fleire akademiske fagmiljø med tilknyting til film er i ferd med å reorientere forskingsinnsatsen sin mot meir operative bransjeforhold, og det spelar godt saman med det politiske ønsket om ei meir kvalifisert forsking på kultursektoren.

Ei styrking av anvendt forsking og av kvaliteten på eksterne utgreiingar og analyser vil også vere eit vesentleg bidrag også til å heve kvaliteten og utviklinga av arbeidet NFI gjer. Ikkje minst ser vi stor relevans for eit styrka kompetansegrunnlag for politikkutforming på feltet.

## Kunnskapsbehov

NFI meiner at fleire at dei overgripande forskingsområda som er lagt fram i rapporten, også er svært relevante for filmfeltet. I tillegg ser vi behov for enkelte meir fagspesifikke forskingsfelt.

### 1. Levekårsundersøking for norske filmarbeidarar

Filmbransjen er prega av mange frilansarar, og med jamne mellomrom kjem det kritikk av arbeidstilhøve eit usikkert yrkestilvere osv. (sjå m.a. Klassekampen 30.10.2012, s. 24). Ei undersøking bygd opp etter same lest som den generelle leverkårsundersøkinga for kunstnarar frå 2008 spesifikt inn mot filmbransjen, vil kunne synleggjere samfunnsmessige konsekvensar av tilhøva. Etter vårt syn vil ei slik undersøking også kunne ta inn element knytt til mangfald, med vurderingar av korleis arbeidstilhøva påverkar deltakinga frå t.d. kvinner, eldre filmskaparar og eventuell rekruttering av nye grupper. Ei slik undersøking burde takast opp med jamne mellomrom for å følgje utviklinga.

### 2. Verdiskaping i bransjen

Det er stor interesse for tema i skjeringspunktet mellom kultur og næring. Dette er knytt til tema som "statsstøtte og marknadssvikt", "sysselsetting" og "distriktpolitikk". Det er likevel liten faktakunnskap om dette. Filmbransjen tek årleg i mot relativt store statstilskott, men det er mindre klart korleis dette påverkar marknaden og kva økonomiske resultat som blir skapte. Vi ser også dette som relevant i diskusjonen om særskilte incentiv for å trekke utanlandske prosjekt til Noreg, der det er lite faktisk kunnskap om kva som gir eller ikkje gir effekt, og kva som er føresetnadene for at det skal gi effekt. Eit slikt prosjekt må ta for seg heile verdikjeda.

### 3. Kvalitetskriteriet

"Kvalitet" er eit av dei overordna måla for norsk filmpolitikk. Men omgrepet er diffust og vanskeleg å feste grep på. Det er behov for ei overordna drøfting av omgrepet med både teoretiske og praktiske tilgangar, både for å klargjere kva forventningar som ligg til omgrepet og for å kunne følgje ei utvikling over tid.

## **Organisering**

Norsk filminstitutt har ingen særskilt kompetanse på korleis ein bør organisere arbeidet. Vi vil understreke at ei slik satsing ikkje vil kunne erstatte den statistikkutviklinga og dei utgreiingsoppgåvene som per i dag er lagt til forvaltningsorgana, men at det vil komme i tillegg til dette. Forvaltningsorgana vil framleis ha behov for å styrke eigen kompetanse og kunne gjere målretta analyser på eige initiativ eller på oppdrag av fagdepartementet. Vi ser også at utgreiingar og program av den karakteren som det er gjort framlegg om i rapporten, må gå hand i hand med ei sterk grunnforsking.

Ut frå dei skisserte forskingsfelta bør eventuelle sentre må vere av tverrfagleg karakter, og må kunne trekke på allereie eksisterande miljø. Det er derfor vesentleg at miljøet ikkje blir for lite, men at det også kan ha kapasitet til å køyre fleire prosjekt på same tid.

For ordens skuld gjer vi merksame på at direktøren ved NFI deltok i arbeidet med rapporten. Vi vurderer likevel at dei framlegga som kjem frå forvaltningsorganet ikkje skapar habilitetsproblem.

For Norsk filminstitutt

Nina Refseth  
direktør